

UTGREIING OM TILTAK B**Generelt.**

Tiltak B har 3 ulike tiltak. B1 er flytebrygge nord, B2 er flytebrygge vest, B3 er tilkomstveg til flytebryggeanlegget.

Tiltaka er vist på vedlagte kart og teikningar.

Då rammeløyve gjeve 31.12.2012 er utgått, er det dispensasjonsvedtaket vi lyt ta utgangspunkt i.

Om tiltaka B1 og B2, flytebrygger som allereie er utlagt/montert, vert det i vedtaket stilt vilkår om at begge desse skal vere universell utforma. I saksutgreiinga er det to gangar vist til at det er tilstrekkeleg at ei av desse vert universell. Vedtaket er i samsvar med administrasjonen sitt framlegg, slik at dette vert gjeldande for denne saka.

Vidare er det i saksutgreiinga nemnd at "vilkåra for at anlegget skal gi tilgjenge for rullestol bør avklarast i byggjesaka". Kommunen har i det utgatte rammeløyve, og vidare handsaming av saka ikkje kome med noko konkret ut over at, før løyve kan gjevast "må universell uforming dokumenterast".

Universell uforming av flytebrygge.

Det finnast etter vår erfaring ingen standard for universell uforming av flytebrygger. Vi har i denne saka sett til heftet "stier å stole på" utgjeve av Norges Handicapforbund 2012, for å finne høvelege tiltak. Under pkt. for brygger/båtplass s. 23 mfl, er det vist løysing som vi har tatt med her, mellom anna plass til snuing av stol, stoppkant/fotlist, og landgang for rullestol (bildet).



Andre tiltak

Eksisterande landgang har berre rekkverk på ei side og i ei høgd. Her vert ettermontert rekkverk, slik at det vert rekkverk på begge sider og i 2 høgder (70 og 90 cm). Det vert og montert stoppkant/fotlist i tre på landfeste.

Tiltak B3- veg.

Her skal veg tilbakeførast til ei breidd ca 2,5 m, der kringliggjande terreng- resterande veg og spregningssår søkjast førast tilbake og gjevast tiltalande utsjånad.

Vidare skal veg gjerast universell utforma.

I høve VTEK10§ § 8-6. *Gangatkomst til byggverk, samt § 8-7. Gangatkomst til uteoppholdsareal med krav om universell utforming*, seier begge desse at hovudkravet er stigning 1:20/(1:12), men med unntak 1:10 der hovudkrava ikkje kan oppnåast pga terreng. Vi viser mellom anna til: *Når situasjonen tilsier at et stigningsforhold på 1:20 vil kreve uforholdsmessige terrenginngrep, kan det vurderes om stigningsforhold på 1:10 kan oppnås over enkelte strekninger. Det vil være nødvendig å legge inn hvileplan på strekningen.*

Stigningsforhold på 1:10 er basert på bruk av elektrisk rullestol. En elektrisk rullestol vil kunne kjøre i terreng som er såpass bratt. Tilsvarende stigningsforhold er lagt til grunn for unntakssituasjoner i samferdselstiltak på stasjoner og i gatemiljø, se Håndbok 278 Universell utforming av vegar og gater , Statens vegvesen.

Vi vurderer forholda slik at ein ikkje ønskjer ytterlegare terrenginngrep på staden. Vidare at det i området vil være naturleg med bruk av elektrisk rullestol.

Vedlagde kart og tilhøyrande terrengprofil viser løysing med stigning 1:10 og kvileplan på hovudstrekket frå tilkomstvegen. Vidare stigning 1:17 i siste del av vegen fram til landfeste.

Denne løysinga gjev moderate terrenginngrep (fylling), og med tilsådde skråningar og sårffylling vil tiltaket framstå som tiltalande og i samsvar med intensjonen i dispensasjonsvedtaket.

Søknad om unntak for ny nabovarsling

Vi ber om unntak for ny nabovarsling då dette er utført i samband med tidlegare søknad, og tiltaket/søknaden er i samsvar med dette.

Kjell Reigstad

Ansvarleg prosjekterande.

Reigstad bygg og eigedom as